

Helge Øvretun
Øvstedalsvegen 437
6856 Fardal

Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Klage på detaljreguleringsplan for tilkomstveg Sogndal transformatorstasjon, dagsett 29.11.2018

og klage på at Sogndal kommune ikkje har følgd opp at Statnett ikkje har utført byggearbeidet med tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon i samsvar med gjeldande detaljreguleringsplan

Underteikna har komme med følgjande merknader til reguleringsarbeidet og klagar på at Sogndal kommune ikkje har følgd opp at Statnett ikkje har utført byggearbeidet med tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon i samsvar med gjeldande detaljreguleringsplan:

- Merknad til varsel om start av planarbeid – endring av detaljreguleringsplan for tilkomstveg til Sogndal transformatorstasjon dagsett 5.4.2018.
- Merknad til detaljreguleringsplan for tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon dagsett 31.10.2018.
- Klage – Statnett har ikkje utført byggearbeidet med tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon i samsvar med gjeldande detaljreguleringsplan dagsett 11.4.2018.
- Klage – Statnett har ikkje utført byggearbeidet med tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon i samsvar med gjeldande detaljreguleringsplan dagsett 1.11.2018.

Sogndal kommune har svart på dei to klagane som underteikna har sendt. Legg til grunn at når Sogndal kommune sender saka over til Fylkesmannen er alle desse dokumenta vedlagde.

Vassproblem

I min merknad til detaljreguleringsplan for tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon dagsett 31.10.2018 er vassproblem eit av punkta og bl.a. følgjande går fram:

Ved opparbeiding av den nye tilkomstvegen har mange bekkar og vassig vorte kappa. På ein del plassar har ikkje vatnet vorte ført gjennom vegen og vidareført på same plass som opphavlig vassveg. Legg ved eit kart der eg har merka av dei endra vassvegane.

Endre vassvegar har skapt problem i områda under vegen som har fått meir vatn. Det har rast ut tre gonger på underteikna sin eigedom etter vegutbygginga.

Det er leda meir vatn ned som kjem i open grøft rett over husa i Øvretun. Området det nå er leda meir vatn til er merka som raudt i kart utarbeid av NGI med omsyn til rasfare. Opp gjennom tidene har det gått fleire ras i Øvstedalen, sidan 1836 har 18 menneskeliv gått tapt i ras/skred og fleire hus har vorte øydelagd. To omkom då husa vart tekne i eit snøras i 1928 på nabogarden Midtun.

På ein anna plass er to bekkar som gjekk på kvar sin plass ført saman til ein bekk. På det vedlagde kartet er dette merka av. Dei auka vassmassane i denne bekken skapar problem med auka erosjon.

For å syne problema med den manglande handteringa av overflatevatnet etter utbygginga viser eg til kontakten advokatfirma Harris v/Frode S. Halvorsen hadde med Norconsult AS, datert 4. august 2017 (sjå vedlegg). I denne korrespondansen vert Ros-analysen kommentert generelt og vassproblema spesielt. Underteikna konstaterer at utbyggar ikkje har utført nokon tiltak for å betra tilhøva rundt vassproblema etter denne kontakten.

Eg finn bl.a. følgjande frå gjeldande detaljreguleringsplan om vasstilhøva:

3.1.1 Vegen sin funksjon

«Vegen har funksjon som anleggsveg og tilkomstveg til transformatorstasjonen på Hagafjellet. I tillegg er det føresett at landbrukseigedommane kan nytte vegen som tilkomstveg til dei ulike teigane langs vegen.

Det er lagt til grunn tryggleiksklasse F1 i høve flaum. Vegen skal dimensjonerast/sikrast mot flaum slik at største nominelle sannsyn ikkje overskrider 1/20.

I høve tryggleik mot skred, er det lagt til grunn tryggleiksklasse S1. Det inneber at vegen skal dimensjonerast/sikrast mot skred slik at største nominelle sannsyn ikkje overskrider 1/100.

Vegen skal ikkje endre risikobiletet i høve flaum, ras og skred for etablerte bustader og driftsbygg i Øvstedalen.»

3.3 DRENERING

«Grøfter og grøftedjupn skal tilpassast dei stadlege dreneringstilhøva. Eksisterande bekkar og grøfter skal haldast intakt. Dei skal ha jamt fall, større steinar og fjell skal fjernast. Ved vanskelege grunntilhøve skal grøft steinsettast for å hindre erosjon.

Kulvertar og stikkrenner skal dimensjonerast for flaumstorleikar som gjentek seg kvart 25 – 50 år (Q25 - 50). Kulvertar og stikkrenner skal leggjast i alle bekkedrag og terrengsøkk. Samanføring av bekkar skal ikkje førekomme.»

Utifrå den opphavelige detaljreguleringsplan er det klart at bygging av vegen ikkje skal auka faren for flaum, ras og skred og bekkar skal haldast intakt og ikkje førast saman.

Kommunen argumenterer no med at dei på nytt har gått gjennom Ros-analysen og i den er det «konkludert gjennom synfaring og drift av veganlegget i tida etter ferdigstilling at anlegget er tilfredsstillande og har fungert under dei vørtilhøva som har vore i perioden.» Utifrå det som kommunen viser til i Ros-analysen er det ikkje haldepunkt for å sei noko om at vegen ikkje har «endre risikobiletet i høve flaum, ras og skred for etablerte bustader og driftsbygg i Øvstedalen.» slik det er sett krav om i punkt 3.1.1 i den opphavelige detaljreguleringsplanen. At anlegget er tilfredsstillande og har fungert i nokre år er ikkje einstyddande med at det ikkje har endra risikobiletet i høve flaum, ras og skred i eit lengre perspektiv.

Det blir feil når kommunen brukar Ros-analysen i saksutgreiinga si til å avgjera om det er noko vassproblem. I saksutgreiinga til den no vedtekne detaljreguleringsplanen skriv kommunen bl.a. følgjande «planavdelinga har vore på synfaring på eigedomen til Øvretun og sett at nye overvasslaup har leia til erosjonsskader på stadar der slikt ikkje har vore tidlegare. Utifrå dette er det ikkje noko tvil om at kommunen sjølv har fått konstatert at bekkar/grøfter er endra på og dermed ikkje intakt slik det er krav om i punkt 3.3 i den opphavelige detaljreguleringsplanen. Kommunen burde i dette tilfellet ha etterstreba å kartlagt fakta og så vurdert om krava til utbygginga som er sett i den opphavelige detaljreguleringsplanen er følgd. Det er detaljreguleringsplanen som er det juridisk bindande dokumentet og som dermed skal følgjast og ikkje Ros-analysen.

Av Ros-analysen som kommunen refererer frå går bl.a. følgjande fram:

«Analysen viser også ei hending med akseptabel risiko, sørpeskred, med tilråding om at risikoreducerande tiltak burde gjennomførast. Mogelege tiltak inkluderer at vegbygging og

bruk av vegen ikkje skal skje om våren i vårløysinga. Det må gjennomførast skredvurderingar dersom vegen likevel skal nyttast i vårløysinga, når det regnar kraftig på snødekt mark eller når det er kraftig mildvær.»

Underteikna har konstatert at grunneigarar har køyrt med traktor og brukt vegen store deler av vintrane og at Statnett har brøyt opp vegen tidlig på våren medan det fortsatt er store mengder snø. Utifrå Ros-analysen skal då Statnett utføra skredvurderingar. For å konstatere om Ros-analysen er følgt bør kommunen be Statnett om dokumentasjon på at slike skredvurderingar er gjort. Dersom slik skredvurderingar ikkje ligg føre viser dette at Statnett ikkje prioriterer sikkerheita til innbyggjarane i Øvstedalen slik det er føreset i Ros-analysen. Utifrå Ros-analysen og slik bruken har vore på vegen hittil skal det gjerast hyppig skredvurderingar. Etter underteikna sin vurdering ville det vore ei betre løysing at Statnett i større grad la vekt på å løyse vassproblema.

At eksisterande bekkar ikkje har vorte haldne intakt og at bekkar har vorte ført saman kan ikkje underteikna sjå at kommunen har vurdert i saksutgreiinga si. Dette sjølv om underteikna fleire gonger har gjort kommunen merksam på det og kommunen har vore på synfaring og fått dette påvist

Kommunen hadde møte med Statnett og Norconsult den 21.8.2018, dette møtet viser kommunen til i saksutgreiinga si. Referat frå dette møte ligg som vedlegg til saksutgreiinga frå kommunen. Utifrå dette referatet kan ikkje underteikna sjå at kommunen har stilt nokon spørsmål eller gjort noko forsøk på å få avklart fakta rundt dette forholdet, bl.a. kvifor Statnett ikkje har stetta krava i gjeldande detaljreguleringsplan. Dette sjølv om ei av sakene som var på saklista var «*Saker som Sogndal kommune ønskjer å ta opp vedk. gjerde, overvatn/skader etc.*»

Ikkje erstatta gjerde

I min merknad til detaljreguleringsplan for tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon dagsett 31.10.2018 har eg bl.a. teke med følgjande:

«Det er om lag 1000 meter med permanent gjerde og noko mindre med el. gjerde som er øydelagd på grunn av anleggsarbeid og som ikkje er sett opp att eller erstattast. Legg ved eit kart med oversikt over gjerde som er øydelagt og ikkje erstatta.

Eg finn bl.a. følgjande frå gjeldande detaljreguleringsplan om gjerde:

3.4 EIGEDOMSTILHØVE OG DRIFTSTILHØVE

«Der eksisterande gjerde på innmark/utmark vert rørt av anleggsarbeid, for eksempel mellom eigedomsgrenser, skal det settast opp att eller erstattast med nytt standard landbruksgjerde på tre stolpar i tilsvarande kvalitet.»

Etter gjeldande detaljreguleringsplan skulle alle gjerde som er øydelagde av anleggsaktiviteten vore sett opp att eller erstatta, dette er dei ikkje.

Kommunen skriv no følgjande om dette i saksutgreiinga «*Vi har ikkje grunnlag for å sei kva som ev mangle av gjerder.*» Dersom kommunen er usikker på om detaljreguleringsplanen er følgt på dette punktet ville det vore naturleg og undersøkt det. Underteikna har lagt fram kart som syner kor gjerda er øydelagd og kommunen har vore på synfaring og fått dette påvist.

Heller ikkje på møte den 21.8.2018 med Statnett og Norconsult gjorde kommunen noko for å få avklart fakta rundt dette forholdet utifrå det framlagde referatet. Dette sjølv om ei av sakene som var på saklista var «*Saker som Sogndal kommune ønskjer å ta opp vedk. gjerde, overvatn/skader etc.*»

Transportert vekk jord og tilstelling av sideareal

I min merknad til detaljreguleringsplan for tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon dagsett 31.10.2018 har eg bl.a. teke med følgjande:

Det er transportert vekk ca. 6000 kubikkmeter matjord, deler av dette er henta frå dyrka areal og deler frå beiteareal utafør vegtraseen til trafostasjonen. Denne matjorda vart transportert for bruk til bygging av rasvoll på Tuftene, langt utanfor underteikna sin eigedom. Jorda vart seinare køyrd vidare til transformatorstasjon oppe på Hagafjellet. Denne jorda er det bruk for til tilstelling at av arealet utafør vegtraseen til trafostasjonen, som har vore øydelagt på grunn av anleggsaktiviteten.


Under anleggsperioden vart den tidligare ca. 1 km. lange jordbruksvegen frå husa i Øvretun til Kamben brukt som anleggsveg. Langs deler av denne vegen var det dyrka mark inntil vegen. Vegen vart utvida og store mengder masse vart utskifta under anlegget. Areal inntil vegen som tidligare var dyrka mark er ikkje stelt til at som dyrka mark.

Det er også to mindre jordbruksveger som er sundkøyrd av anleggsmaskiner. Desse er ikkje vorte stelt til at.

Dei opphavlige jordbruksvegane var bygd med runda vegbane for at vatn ikkje skulle renna langs vegane. Vegbana i jordbruksvegen frå husa i Øvretun til Kamben er stelt til at, men slik at vegbana er flat, vatnet renn dermed i vegbane og grev den sund.

Eg finn bl.a. følgjande frå gjeldande detaljreguleringsplan om handsaming av jord:


3.3.1 Landskapstilpassing og revegetering av sideterreng



Figur 3.6: Prinsipp for avtaking om mellomlagring av førbalanding

Avtaking og mellomlagring:

- Frøbankjord og andre laumassar langs veglinja, så langt det er mogleg
- Øverste 10 – 20 cm av frøbankjorda vert teken av og lagra i eigne rankar
- Rankane med frøbankjord skal ikkje blandast med andre traumassar
- Ved avtaking av frøbankjorda bør overgangen til urørt terreng vere uregelmessig eller «sagtanna» slik at grensa mellom rørte og urørte areal i det ferdige veganlegget vert viska ut.



Figur 3.7: Prinsipp for utlegging av frøbankar

Utlegging av frøbankjord:

- Frøbankjorda skal leggjast tilbake på same avsetting langs vegen som den vart henta frå.
- For å dempe frodigheita skal frøbankjorda leggjast tilbake så tynt som mogeleg
- For å unngå tydeleg skilje som kan hemme vasstransporten til frøbankjorda, skal frøbankjorda «rotast ned i» massane i underlaget.

Statnett har ikkje handsama matjorda i samsvar med krava i den opphavlege detaljreguleringsplan. Statnett har heller ikkje stelt til at sideareal og jordbruksvegane som har vorte øydelagde under anleggsarbeidet.

Heller ikkje under dette punktet kan underteikna sjå at kommunen har gjort noko for å undersøkje faktum i saka. Utifrå referatet frå møte kommunen hadde med Statnett og Norconsult den 21.8.2018

kan ikkje underteikna sjå at kommunen har stilt nokon spørsmål eller gjort noko forsøk på å få avklart fakta. Dette sjølv om ei av sakene som var på sakslista var «Saker som Sogndal kommune ønskjer å ta opp vedk. gjerde, overvatn/skader etc.»

Vegen er ikkje ferdig

I min merknad til detaljreguleringsplan for tilkomstvegen til Sogndal transformatorstasjon dagsett 31.10.2018 går bl.a. følgjande fram:

«I den no framlagde reguleringsplanen er det lagt til grunn at vegen er ferdig. På side 4 går følgjande fram «*Veganlegget er ferdig utbygt, overteke av Statnett 31.10.2014 og vegen er teke i bruk*» Dette stemmer ikkje, vegen er ikkje ferdig utbygd i samsvar med krava som var stilt i den opphavelige og fortsatt gjeldande reguleringsplanen vedteken i Sogndal kommunestyre 16.02.2012. Det blir derfor feil no å vedta ein reguleringsplan som er i samsvar med «som-bygd» situasjon for veganlegget, når vesentlig punkt i den opphavelige planen ikkje er følgt. Krava i den opphavelige reguleringsplanen må oppfyllest før det kan vedtakast ein detaljreguleringsplan som er i samsvar med «som-bygd» situasjon for veganlegget.»

Dette punktet kan eg ikkje sjå at kommunen har vurdert i saksutgreiinga dei no har gjort. Denne manglande vurderinga blir alvorlig sidan den nye detaljreguleringsplanen er tufta på at vegen er ferdig, men faktum er at den ikkje er det. Dette oppfatta underteikna som ein sakshandsamingsfeil som gjer til at den no vedteke reguleringsplanen er fatta på feil grunnlag og dermed ikkje gyldig.

Andre forhold

Kommunen skriv bl.a. følgjande i saksutgreiinga nå når detaljreguleringsplanen skal vedtakast:

«Kommunen føreset at Statnett held fram med å prøve avklare spørsmåla Øvretun tek opp gjennom ein minneleg avtale,»

Til dette kan det opplysast at underteikna ikkje har høyrte noko frå Statnett på over eit år når det gjeld dei omtvasta forholda. Dette sjølv etter fleire forsøk på å komme i dialog med dei. Så Statnett bryr seg ikkje om å avklara desse forholda og at kommunen føreset at Statnett held fram med å prøve avklare spørsmåla gjennom ein minneleg avtale.

I saksutgreiinga til detaljreguleringsplanen når den vart lagt ut til offentleg ettersyn skriver kommunen bl.a. følgjande:

«Vi har vore på synfaring i dei aktuelle områda saman med grunneigar og teke opp tilhøva med Statnett. Våre observasjonar under synfaringa tyder på at det langs delar av veganlegget er utfordringar knytt til vatn/erosjon og revegetering. I høve kost/nytte-prinsipp meiner Statnett at det ikkje er tenleg å gjere vidare utbetringar her, utover det som allereie er gjort. Statnett er innstilt på framleis dialog med grunneigar for å kompensere grunneigar for skader, eventuelt ei løysing gjennom anleggsskadeskjønn.»

Utifrå saksutgreiinga tyder det på at kommunen aksepterer at Statnett ikkje treng å gjere vidare utbetringar med grunngjeving i eit kost/nytte-prinsipp. Det må vere feil av kommunen når dei aksepterer at ein utbyggar kan late vere å følgje gjeldande reguleringsplan med å vise til kost/nytte-prinsipp.

I saksutgreiinga, når detaljreguleringsplanen skulle vedtakast, refererte kommunen til møtet dei hadde med Statnett og Norconsult og skriv bl.a. følgjande:

«Statnett informerte vidare at det ikkje vil vere aktuelt å utføre fleire arbeid knytt til denne eigedomen og at saka mellom Øvreun og Statnett kan verte avgjort i skjønnsretten gjennom eit anleggsskadeskjønn.»

Sidan kommunen her refererer frå møte på denne måten er det tydelig at kommunen legg vekt på og godtek at Statnett ikkje vil fullføre arbeidet, slik at det blir i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Det kan då ikkje vere slik at ein utbyggar kan avgjere at han ikkje vil følgja ein reguleringsplan og kommunen aksepterer det?

Etter undertekna si vurdering har kommunen i denne saka hatt ein alt for passiv rolle når det gjeld å sjå etter at gjeldande detaljreguleringsplan blir følgt. Når Statnett seier at dei ikkje vil fullføre arbeidet og dermed ikkje følgja gjeldande reguleringsplan så aksepterer kommunen dette. Kva som er årsaka til denne passive rollakommunen har innteke i høve til å sjå etter at reguleringsplan blir følgt er ukjent for undertekna. Undertekna er kjend med at sakshandsamar i denne saka, Cornelis Erstad er slutta i kommunen ved årsskifte og begynt hjå Norconsult AS. Erstad har då sakshandsama detaljreguleringsplanen som den nye arbeidsgjevaren hans har utarbeid. Det er all grunn til å tru at Erstad var kjend med at han skulle få ny arbeidsgjevvar når han sakshandsama denne saka, i alle fall i siste runde. Om kommunen har gjort noko vurdering på habiliteten til sakshandsamar i dette tilfellet er ukjent for undertekn.

Det vil sjølvsagt alltid vere ei grense for kva kommunen kan legge seg borti når det gjeld tvistar som gjeld byggesaker, men kommunen har ansvar for å sjå til at reguleringsplanar blir følgt. I dette tilfellet har ikkje Statnett følgt detaljreguleringsplanen på fleire områder og det er alvorlige brot som i verste fall kan gå ut over liv og helse. Då er det kommunen si plikt å sjå til at detaljreguleringsplanen blir følgt.

Det endele digitale karte på Trafovegen er ikkje lakt ut. Ser ut til at alt ikkje er med på topp skjering/fylling. Står i reguleringsplan at det skal vere 1 M uttafor topp skjering/fylling.

Avslutning

Underteikna ber Fylkesmannen pålegge kommunen å sjå til at reguleringsplanen blir følgt. Vidare ber eg om at Fylkesmanne pålegger kommunen å sjå til at den opphavelige detaljreguleringsplanen er følgt før det blir vedteke ny detaljreguleringsplanen som er «som-bygd» situasjon. Til slutt vil eg be om at Fylkesmannen vurdere om sakshandsamar har vor habil når han handsama denne saka.

Fardal den 10.01.2019

Helge Øvretun.